

Gnr. 66 bnr. 0002 Drivenes Søndre. Søknad om dispensasjon for avvik arealføremål LNF for oppstart bygging av tilkomstveg og parkering før godkjend detaljreguleringsplan

Forslag frå Kai Eliassen, Kristeleg Folkeparti:

Med heimel i plan- og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon for oppstart av bygging/grunnarbeid/utfylling for tilkomstveg V1, V2 og parkering på gbnr. 66/2, 4 og 16.

Utval for plan- og byggesaker registrerer at det omsøkte tiltaket ikkje har nemneverdig verknad på naturmangfaldet eller jordbruksinteressene. Utvalet ser riktignok poenget med at ein ikkje skal «forskottere» ein pågåande reguleringsplanprosess. Likevel er det tungtvegande omstende med omsyn til plassering av overskotsmassar frå entreprenørarbeid i nærleiken (på Rabben) som tilseier at me bør komme søkjaren i møte. Ekstra transport og mellomagring av såpass store massar andre stader i kommunen medfører store negative konsekvensar på miljø, økonomi og vegnettet.

Utvalet meiner difor at ein dispensasjon med vilkåra nedanfor ikkje vesentleg sett til side formåla bak føresegna eller lova si formålsføresegn, og meiner etter ei samla vurdering at det samla setter klart større fordelar enn ulemper ved å innvilge dispensasjonssøknaden.

Utval for plan og byggesak gjev difor ein mellombels dispensasjon på følgjande vilkår:

- A. Løyve vert gjeve til å deponere massane i den omsøkte traseen inntil reguleringsplan for området er godkjent. Dersom massane ikkje ligg i samsvar med den komande reguleringsplanen, lyt dei flyttast.
- B. Massane lyt plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med omstende som Statens Vegvesen har omtala i si uttale til saka. Det inneber at deponeringa lyt ta tilstrekkeleg omsyn til avstand til fylkesveg, siktsone og drenering.

Dispensasjonen varer i 3 år.

Forslaget blei vedtatt samrøystes.